



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 02.04.2020 kl. 15:15 (utsett frå 31.03.2020 p.g.a. tekniske problem)

Stad: Telefonmøte

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Jarle Magnus Vilnes	Medlem	
Karen Anny Espedal	Medlem	
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem	
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem	
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem	
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem	
Ole Kistrup Vilnes	Medlem	(Gjekk frå som inhabil i sak FR 2020/12)
Ingvild Loftheim	Varamedlem	
Eva Iren Landøy	Varamedlem	

Forfall:

Terje Mork	Medlem	
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem	(Sjå merknad i sak SR 2020/7)
Arnt Johnny Langeland	Medlem	

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/7		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/8		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 23.01.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/9		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR/FR 2020/10		Årsrekneskap og årsmelding 2019	RUNE ZIENER
FR 2020/11		Automatisk ringeanlegg til Askvoll kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2020/12		Vedlikehaldsavtale Vilnes sesongane 2020-2022	RUNE ZIENER

Askvoll, 02.04.2020

Rune Ziener
referent

SR 2020/7 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

Merknad frå referent:

Fast medlem Solfrid Løvik Hellevang hadde ved ein feil ikkje fått invitasjon til telefonmøtet, og er såleis ført opp med forfall.

SR 2020/8 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 23.01.2020

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 23.01.2020.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 23.01.2020.

SR 2020/9 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2020/6: Soknepresten i Askvoll: *Tekstbok til tekstlesarane* (23.03.2020)

M 2020/7: Fleire avsendarar: *Historia kring årsmøta til Holmedal Hestetrygdslag* (10.03.2020)

M 2020/8: Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: *Referat frå møte torsdag 6. februar*

M 2020/9: Askvoll sokn, v/kyrkjeverje: *Vedr. pengegåve fra Holmedal Hestetrygdslag* (11.02.2020)

M 2020/10: Gudstenesteplan og konfirmasjonsgudstenester.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, med følgjande kommentar til M-sak 2020/6: *Askvoll sokneråd yter tekstlesarmateriell til dei kyrkjene i kommunen, der det ligg føre behov for det.*

SR/FR 2020/10 Årsrekneskap og årsmelding 2019

UTGREIING

Etter Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 5-1, 4. ledd, skal rådet sjølv vedta årsrekneskapen, og vedtaket skal angi disponering av evt. mindreforbruk/dekking av evt. meirforbruk.

Årsrekneskapen 2019 for Askvoll sokn er lagt fram av kyrkjeverja 04.03.2020. Dette er etter fristen 15. februar.

Totalt har ein eit meirforbruk (underskot) i driftsrekneskapen på kr 14.998,-.

Kyrkjeverja tilrår at meirforbruket vert dekkja inn i rekneskapsåret 2020 dels ved bruk av resterande midlar i ubunde fond, kr 1.914,-, og dels ved å redusere overføringar til investeringsrekneskapen med kr 13.084,-.

Dette fører til at ein må bruke av ubunde investeringsfond for å betale pliktig eigenkapitalinnkot til KLP i 2020 (budsjettert kr 14.000,-).

Inngåande balanse i ubunde investeringsfond pr. 2020 er kr 288.694,-, der det i opphavleg budsjettforslag 2020 er vedteke brukt kr 260.000,- av desse for å finansiere parkeringsplass på Vilnes.

Forslag til budsjettjustering:

Driftsbudsjett:

Konto	Kontotekst	Utg. opp / innt.ned	Utg. ned /innt.opp
35300	Dekning av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	15000	
35700	Overføringar til investeringsrekneskapen		-13000
39400	Bruk av ubunde fond		-2000
	Kontrollsum	<u>15000</u>	<u>-15000</u>

Investeringsbudsjett:

Konto	Kontotekst	Utg. opp / innt.ned	Utg. ned /innt.opp
49400	Bruk av ubunde fond		-13000
49700	Overføringar frå driftsrekneskapen	13000	
	Kontrollsum	<u>13000</u>	<u>-13000</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019 slik dei ligg føre.
2. Inndekking av rekneskapsmessig meirforbruk vert gjort som føreslege frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019 slik dei ligg føre.
2. Inndekking av rekneskapsmessig meirforbruk vert gjort som føreslege frå kyrkjeverja.

FR 2020/11 Automatisk ringeanlegg til Askvoll kyrkje

UTGREIING

Askvoll sokneråd har i investeringsbudsjettet for 2020 vedteke å anskaffe eit automatisk ringeanlegg til Askvoll kyrkje. Kostnadsramme er sett til kr 200.000,- pluss MVA, finansiert med investeringstilskot frå Askvoll kommune.

Kyrkjeverja har innhenta tilbod frå klokkestøperi Olsen & Neuen AS på ringeanlegg med automatisk styring og automatiske lukeåpnarar. Det har ikkje lukkast å få inn tilbod frå andre leverandørar.

Tilbodet totalt er på om lag kr 200.000,-, men i tillegg kjem elektrikararbeid og evt. tømrrarbeid. Utgiften til dette er ikkje kjent, men her er teke utgangspunkt i kr 50.000,- i tillegg for dette arbeidet, og ein er såleis over budsjettet.

Om ein tek ut opsjonsdelen med automatisk lukeopning og evt. fjernstyring, vil ein kunne komme innanfor budsjetttramma.

Det er imidlertid ein fordel om ein installerer automatisk lukeopning om ein skal anskaffe ringeanlegg.

For å finansiere meirkostnaden over budsjettet, kan ein bruke delar av tilskotet til forprosjektet "kyrkjetak Askvoll kyrkje", kr 50.000,-, slik at ein såleis har kr 50.000,- resterande til det føremålet. I og med at løyvingane frå kommunen er øyremerkt prosjekta, må ein søkje kommunen om ei slik omdisponering.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilbodet frå Olsen & Neuen AS på ringeanlegg til Askvoll kyrkje.
2. For å sikre finansiering, vert det søkt Askvoll kommune om at kr 50.000,- vert flytta over frå forprosjektet til restaurasjon av kyrkjetaket på Askvoll kyrkje. Dette vert innarbeidd i budsjettet for 2020.
3. Søknad om installeringa av ringeanlegget går til Bjørgvin biskop.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd aksepterer tilbodet frå Olsen & Neuen AS på ringeanlegg til Askvoll kyrkje.
2. For å sikre finansiering, vert det søkt Askvoll kommune om at kr 50.000,- vert flytta over frå forprosjektet til restaurasjon av kyrkjetaket på Askvoll kyrkje. Dette vert innarbeidd i budsjettet for 2020.
3. Søknad om installeringa av ringeanlegget går til Bjørgvin biskop.

FR 2020/12 Vedlikehaldsavtale Vilnes sesongane 2020-2022

UTGREIING

Ny kontrakt for 3-årig vedlikehaldsavtale på grøntanlegget ved Vilnes kyrkje vart kunngjort i januar. Det kom inn éitt tilbod innan fristen (15. februar), som vart forkasta av kyrkjeverja pga. høg pris.

Etter at mislykka konkurranse låg føre, vart soknerådsmedlemmene i Askvoll frå Atløy særskilt oppmoda om å kontakte aktuelle næringsdrivande i området for at vi kan få på plass ein avtale.

Etter dette kom det inn éitt tilbod (frå Ole Kistrup Vilnes (føretak)). Prisen ligg over budsjett til føremålet (kr 85.000,-, ein budsjettsum som inkluderer serviceavtalar og reparasjonar på eige plenslåtteutstyr), og vil kunne koste i opp mot kr 95.000,- pr år. Budsjettposten må i så fall aukast opp med omkring kr 20.000,- for 2020.

Om soknerådet går inn på denne avtalen, må ein finne budsjettdekning for auken.

Pristilbudet er relativt høgt samanlikna med førre avtale, men så tett opp mot sesongstart, vert det vanskeleg å finne fungerande rimelegare alternativ.

Etter økonomireglementet for Askvoll sokn § 3-3 skal enkeltanskaffelser over kr 100.000,- godkjennast i soknerådet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd inngår 3-årig vedlikehaldsavtale med Ole Kistrup Vilnes (føretak) i samsvar med tilbodet.
2. Meirkostnaden vert seinare innarbeidd i budsjettjusteringssak.

MØTEHANDSAMING

Ole Kistrup Vilnes gjekk frå møtehandsaminga som inhabil i saka.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd inngår 3-årig vedlikehaldsavtale med Ole Kistrup Vilnes (føretak) i samsvar med tilbodet.
2. Meirkostnaden vert seinare innarbeidd i budsjettjusteringssak.